

**Fra:** Liv Lyngstad (liv.lyngstad@nlr.no)

**Sendt:** 15.12.2014 18:10:02

**Til:** Karen Louise Nybø

**Kopi:** Bart van Gool

**Emne:** Klimaplan for Hordaland - handlingsprogram 2015

**Vedlegg:** picturec200a8

Til Hordaland Fylkeskommune v/ Karen Louise Nybø

Klimagassrekneskap på gardsnivå 2015.

NLR Hordaland ynskjer i 2015 å arbeide vidare med å utvikle dataprogrammet NLR Kretsløpstolken som brukast til klimagassrekneskap på gardsnivå. I 2015 vil vi prioritere desse oppgåvane:

#### **1.1 Utprøving av NLR Kretsløpstolken i pilotgruppa på 45 bønder i Hordaland**

- Analysering av drifta ved hjelp av NLR Kretsløpstolken, rekneskapstal og tal frå kukontrollen.
- Vurdere resultatet i kvar drift opp mot snitt-tal frå NLR Kretsløpstolken.

#### **1.2 Oppfølging i grupper og presentasjon av resultat på fagmøte for bønder i Hordaland**

- Gjennomgang av resultat frå NLR Kretsløpstolken
- Generell gjennomgang av kva som er viktige tiltak for å redusere klimagassar og ammoniakk i grovfôrproduksjonen, og kva som er viktige tiltak for å oppnå ein betre næringsstoffbalanse.

#### **1.3 Individuelle mål, tiltak og handlingsplanar**

- Fastsette mål for kvar deltar i pilotgruppa.
- Føreslå tiltak for å redusere klimagassar og ammoniakk, og for å oppnå ein betre næringsstoffbalanse.
- Utarbeide individuelle handlingsplaner for kvar deltar i pilotgruppa. Handlingsplanane skal inneholde tiltak for å sikre gode grovfôrværingar på ein mest mogleg miljø- og klimavenleg måte.

#### **1.4 Presentasjon av modell og resultat**

- Møte med fylkespolitikerne, presentasjon på nettsidene til HFK.
- Nasjonale fagmøte
- Artikler i aktuelle fagblad og på eigne nettsider.
- 

NLR Hordaland vonar at desse tiltaka vil bidra til å oppnå måla i Klimaplan for Hordaland, og at Hordaland Fylkeskommune kan støtte arbeidet med kr. 100 000,- i 2015.

Mvh

**Liv Lyngstad**

Dagleg leiar, Norsk Landbruksrådgiving Hordaland

Mobil: +4798245830

E-post: [liv.lyngstad@nlr.no](mailto:liv.lyngstad@nlr.no)

[hordaland.nlr.no](http://hordaland.nlr.no)

[image]